







MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad Vågå kommunehus		Møtedato: 12. desember 2019		Frå kl. 10:00	Til kl. 12:00
Møteleiar:	Svein Holen				
Møteinncalling: (kunngjering)	Innkalling av 5. desember 2019.				
Representantar som er borte:					
Vararepr. som er tilstades:					
Til stades:	I alt: 4	Av desse ordinære medl.: 4			
Merknad:	Ingen merknad.				
Andre frammøtte:	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka Ordførar Harald Sve Bjørndal Forvaltningsrevisor Kristian Lein				
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 32/2019 + 33/2019 Open post				
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.				
Underskrifter:	<div style="display: flex; justify-content: space-around;"><div style="text-align: center;"> Svein Holen</div><div style="text-align: center;"> Kjersti Aasvang Dalen</div></div> <div style="display: flex; justify-content: space-around; margin-top: 20px;"><div style="text-align: center;"> Ole Damstuen</div><div style="text-align: center;"> Tor Ivar Furuset</div></div>				

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



VÅGÅ KOMMUNE KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	12. desember 2019	Kontrollutvalet	32/2019

Vedlegg (eigen fil):

- "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal regionråd"

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

Bakgrunn:

Bakgrunnen for bestillinga var mottekne varslar om tilsettingsprosessar av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret.

Spørsmålet om kontrollutvalet skulle vurdere desse varsla nærare vart handsama i møte 6. september 2019. Det vart vurdert som vesentleg at alle sider blir belyst og at dei involverte får lagt fram sin side av saka, samt at momenta blir vurdert av ein uavhengig instans. Dei sentrale spørsmål er om habilitet, avtaleverk, vedtak og lovverk elles er fylgt.

Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigarar. Vågå kontrollutval fann å kunne bestille ein kontroll. Dei fem andre kontrollutvalsleiarane vart orienterte om prosessen så langt.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes:

- 1) *Kontrollutvalet bestiller ein gjennomgang av prosessen ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar.*
- 2) *Gjennomgangen blir utført av Innlandet Revisjon IKS*

Saka har vore lagt fram i dei fem andre kontrollutvala, som kvar for seg har teke den til orientering og har gjort vedtak om kostnadsfordeling.

Innlandet Revisjon IKS (IR) utarbeidde desse problemstillingane for arbeidet med rapporten:

1. *Hvordan skjedde ansettelsen som daglig leder og prosjektleder?*
2. *Ble ansettelsene foretatt i tråd med rettslige føringer, vedtak og interne retningslinjer?*
3. *Ble regler om habilitet ivaretatt?*

IR gjekk gjennom prosessen separat for dagleg leiar og prosjektleiar. Selskapet konkluderer med at tilsettingane ikkje gjev særleg fordel, tap eller ulempe for personane som gjennomførte desse – Iselin Vistekleiven og Frode Damstuen. Når det gjeld tilsetting av prosjektleiar, ser ein moment som ein frå utsida kan stilla spørsmål ved. IR legg etter intervju og vurdering til grunn at relasjonen er av fagleg karakter.

Innlandet Revisjon anbefaler oppdatering av delegasjonsreglement ved tilsettingshøve, slik at reglementet er tilpassa juridisk status til regionrådet.

Vurdering:

I utgangspunktet for bestilling av kontrollen var det sentralt at dei involverte kunne leggja fram sitt syn på saka, som kunne vurderast objektivt av ein uavhengig aktør. Tilhøva gjekk på personlege tilhøve, som tilseier ei rask avklaring. Eit moment i vurderinga var også at den gjaldt sentrale funksjonar i Nord-Gudbrandsdalen.

Rapporten syner ingen brot på faglege kriteriar i tilsettingsprosessen. IR konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke.

IR tilrår oppdatering av reglement. Etter høyringsuttala frå regionrådet er dette formaliar regionrådet er i ferd med å utarbeide, der rapporten kan brukast i vurderingane.

Etter gjennomgangen er saka nå belyst. Ein bakgrunn for gjennomgangen var dei personlege belastningar heile situasjonen har gjeve. Det er derfor også viktig at rapporten avsluttar denne prosessen.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Handsaming:

Kontrollutvalsleiar Svein Holen innleidde og reiste spørsmål om habilitet. Nestleiar tok over leiinga av møtet ved handsaming av spørsmålet. Kontrollutvalet fastslo samrøystes at han var habil.

Revisor gjekk gjennom rapporten og prosessen med denne, med vekt på konklusjonane.

Ole Damstuen klargjorde tilknytning til Frode Damstuen, grunna same etternavn. Kontrollutvalet fastslo at det ikkje var nødvendig med nærare vurdering av habiliteten.

Utvalsleiar Svein Holen gjorde greie for endringsforslag til vedtak, der han slutta seg til anbefalingar og konklusjonar frå Innlandet Revisjon.

Forslag frå Svein Holen:

1. Kommunestyret sluttar seg til Innlandet Revisjon IKS sine konklusjonar og anbefalingar, og ser saka som avslutta. Det blir vist til Innlandet Revisjon IKS si anbefaling i saka (sitat):
 - *Regionrådet bør sørge for å oppdatere pkt § D-06 i delegasjonsreglementet som tar seg opprettelse/nedleggelse av stillinger samt utlysing og ansettelser.*
 - *Oppdateringen bør ta hensyn til Regionrådets nåværende juridiske status, der det ikke lenger er underlagt Sel kommune.*

Ordføraren blir beden om å følgje opp at dette blir sett i verk.

2. For å unngå spekulasjonar om kameraderi rundt tilsetjing av prosjektleiar, meiner kommunestyret at stillinga burde vore lyst ut ein gong til. Dette blir grunngjeve med at søknaden frå regionrådsleiaren kom i sommarferien, og berre ni dagar etter tilsetjing av regionsjef. I tillegg var regionrådsleiaren i kraft av rolla si leiar i det organet som tilsette regionsjefen desse fåe dagane tidlegare. Sjølv om det ikkje er grunn til å tru at dette utløyste lojalitetsplikt for regionsjefen, meiner kommunestyret at ny utlysingsrunde ville bidratt til å

styrke tilliten og omdømet til regionkontoret i tilsetjingsprosessen. Samtidig kunne ny utlysning gi moglegheit til å ha fleire kvalifiserte søkjarar å velja i.

3. Kommunestyret vil understreke den positive betydninga det har for demokrati og tillit, at innbyggjarar tør å varsle om forhold dei meiner er kritikkverdige i offentleg forvaltning. I slike tilfelle har forvaltninga eit særleg ansvar for å sikre rettsvernet til den som varslar.

Utvalsleiar gjekk inn i arbeidsutvalets handsaming og uttalar i media. Mot ein varslar, som også har eit rettsvern, gjev tilhøva ein skeiv maktbalanse.

Utvalet drøfta alternativ og endringar i endringsforslaget. To i utvalet såg pkt. to som detaljert og argumenterande. Revisor og ordførar hadde synspunkt.

Ordførar ynskte protokollført at i så alvorlege saker, burde endringsforslag bli innsendt på førehand.

Etter avrøysting vart denne innstillinga sendt til Vågå kommunestyre:

Kontrollutvalets innstilling til vedtak i Vågå kommunestyre:

1. Kommunestyret sluttar seg til Innlandet Revisjon IKS sine konklusjonar og anbefalingar, og ser saka som avslutta. Det blir vist til Innlandet Revisjon IKS si anbefaling i saka (sitat):
 - *Regionrådet bør sørge for å oppdatere pkt § D-06 i delegasjonsreglementet som tar seg opprettelse/nedleggelse av stillinger samt utlysning og ansettelser.*
 - *Oppdateringen bør ta hensyn til Regionrådets nåværende juridiske status, der det ikke lenger er underlagt Sel kommune.*

Ordføraren blir beden om å følgje opp at dette blir sett i verk.

2. For å unngå spekulasjonar om kameraderi rundt tilsetjing av prosjektleiar, meiner kommunestyret at stillinga burde vore lyst ut ein gong til. Dette blir grunngeve med at søknaden frå regionrådsleiaren kom i sommarferien, og berre ni dagar etter tilsetjing av regionsjef. I tillegg var regionrådsleiaren i kraft av rolla si leiar i det organet som tilsette regionsjefen desse få dagane tidlegare. Sjølv om det ikkje er grunn til å tru at dette utløyste lojalitetsplikt for regionsjefen, meiner kommunestyret at ny utlysingsrunde ville bidratt til å styrke tilliten og omdømet til regionkontoret i tilsetjingsprosessen. Samtidig kunne ny utlysning gi moglegheit til å ha fleire kvalifiserte søkjarar å velja i.
3. Kommunestyret vil understreke den positive betydninga det har for demokrati og tillit, at innbyggjarar tør å varsle om forhold dei meiner er kritikkverdige i offentleg forvaltning. I slike tilfelle har forvaltninga eit særleg ansvar for å sikre rettsvernet til den som varslar.

Pkt. 1 og 3 vart samrøystes vedteke. Utvalet røysta over pkt. 2. To i utvalet, Ole Damstuen og Tor-Ivar Furuset, ville behalde berre første og siste setninga. Med leiars dobbeltstemme vart heile punktet ståande som i framlegget.



MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		12. desember 2019	Kontrollutvalet	33/2019

OPEN POST

Sekretær gjorde kort greie for sak frå forrige utvalg, tilskot til kulturarrangement. Utvalet bestilte nærare utgreiing frå administrasjonen om rutinar og internkontroll, for vurdering.